



Notat

Til:

Hans Johan Breidablik

Fra:

Hildur Thingnes

Dato: 21.08.2015

Referanse: 2015/2824

Høyringsuttale Demensplan 2020 frå medisinsk avdeling

- 1) Ein støttar intensjonane og målsetjingane i planen om prioritering av demensvenlege samfunn i vid forstand, basert på pasientar og pårørande sine behov.
- 2) Ein ser at hovudtyngda av arbeidet er, og må vere, knytt til kommunane sitt ansvar.
- 3) Planen har eit viktig fokus på kompleksiteten i demensoppfølginga, og at dette også inneber fokus på fallførebygging, ernæring, sorgarbeid og palliasjon.
- 4) I planen står det m.a. om diagnose i rett tid, om oppfølging etter diagnose og betydninga av samhandling og kompetanse. Specialisthelsetenesta si rolle er nemnt, men vi tykkjer denne rolla er for lite konkretisert og poengtert. Det må tydeleggjerast kva kompetansesenter som trengs i sjukehusa for at ein skal ivareta vanskelege utgreiingar og vere ressurs for kommunehelsetenesta i høve råd og rettleiing. Likeeins bør det poengterast på kva måte den somatiske og psykiatriske spesialisthelsetenesta kan/skal samhandle slik at pasient og pårørande får ei kompetent, koordinert teneste. For at målet om demensvenlege samfunn også skal ha konsekvens for sjukehusa, bør det seiast at organisering og fysisk utforming av sengepostar og poliklinikkar må ta høgde for demente sine behov. Opplæring av personell internt i sjukehusa er også eit viktig område som bør konkretiserast.
- 5) Vi meiner det bør utarbeidast eit standard pasientforløp som synleggjer ulike aktørar si rolle innan demens, og samhandlinga mellom desse.

Hildur Thingnes

Stabsrådgjevar medisinsk avdeling

Kopi:

Trine Vingsnes, avdelingssjef



Helse Førde HF
Medisinsk klinikk
Medisinsk avdeling
